

Progresjonsplanar i forhold til fagområda i rammeplanen

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Kommunikasjon, språk og tekst**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- skape eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre
- synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer
- invitere til ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål
- oppmuntre barna til å fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme
- støtte barna i leiken med og utforskinga av skriftspråket

Kommunikasjon, språk og tekst	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barnet skal utvikle språk for å kunne uttrykke kjensler, løyse konflikhtar, ynskjer og erfaringar.</p> <p>Gjennom språk lærar barna å skape positive relasjonar i leik med andre barn og vaksne.</p>	<p>Me brukar språket aktivt og snakkar om det me ser (set ord på gjenstandar, kroppsdelar osv.).</p> <p>Barna er i en sterk utvikling av språket sitt, og uttrykkjer seg på ulike måtar både verbalt, kroppsleg, med mimikk og lydar.</p> <p>Dei vaksne må vere lydhøyre overfor barnas ulike uttrykksformer</p> <p>Me fortel eventyr, les bøker, brukar snakkepakken, syng songar (samlingspose) og lyttar til musikk.</p> <p>Dramatisering.</p> <p>Inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar</p>
3 – 6 år	<p>For denne aldersgruppa er visualisering ,og konkretisering viktig.</p> <p>Barnet skal bruke språket til å uttrykke kjensler, ynskjer og erfaringar. Det skal løyse konflikhtar og skape positive relasjonar i leik og anna samvær med andre barn og vaksne.</p> <p>Barnet skal vidareutvikla omgrepsforståinga og bruka eit variert ordforråd.</p> <p>Presentere barna for, og legg til rette for at dei skal få positive relasjonar til tekst og bilete som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskapar og samtalar, og som inspirasjon til fabulering og nyskaping.</p> <p>Få kjennskap til tal og bokstavar.</p>	<p>Vaksne som gode rollemodellar/tilstadeverande vaksne</p> <p>Verktøy som Språksprell, Snakkepakken og Språkløyper</p> <p>Flanellograf</p> <p>Samtalar med barn i formelle og uformelle situasjonar</p> <p>Les bøker som er tilpassa aldersnivå, rim og regler, dikt, songar, eventyr og spel. For dei eldste: meir tekst, færre bilder</p> <p>Samling</p> <p>Laga eventyr/forteljing og dikta «Eventyrkassar»</p> <p>Dramatisering av situasjonar/rollefigurar</p> <p>Rolleleik og dramaleik</p> <p>Øva på å lytta til andre, turtaking</p> <p>Ha tal og bokstavar tilgjengelig på avdelinga.</p> <p>Snakka om kjensler gjennom ulike virkemiddel</p> <p>Musikk med ulike kjensleuttrykk</p> <p>Øve på å ta i mot kollektive beskjedar</p> <p>Bruka varierte formidlingsformer og tilby eit mangfald av bøker, songar, bilete og uttrykksformer.</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Kropp, rørsle, mat og helse**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- vere aktive og nærverande, støtte og utfordre barna til variert kroppsleg leik og anerkjenne barnets meistring
- bidra til at barna kan tileigne seg gode vanar, haldningar og kunnskapar om kost, hygiene, aktivitet og kvile
- gi barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet
- bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser
- leggje til rette for at måltid og matlaging bidreg til måltids glede, deltaking, samtalar og fellesskapskjensle hos barna
- kjenne og praktisere nasjonale føringar for helsefremjande og førebyggjande tiltak som gjeld barn

Kropp, rørsle, mat og helse	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barna skal læra å bruka kroppen både grovmotorisk og finmotorisk.</p> <p>Barna skal oppleve glede av å ferdes ute i naturen.</p> <p>Motivere barna til å bruke kroppen.</p> <p>Fokus på hygiene og bordskikk, jfr. Smittevernveileidar frå FHI</p>	<p>Ved å lage hinderløype med t.d. putene, kan barna leike, utfordre og utvikle seg grovmotorisk. Finmotorisk utvikling gjennom aktivitetar som for eksempel: måling og teikning.</p> <p>Gå tur i nærmiljøet der borna får trenings på å bevega seg i ulendt terreng. Etter kvart gå turar utan vogn.</p> <p>Rørslesongar/leik og dans/bevegelse, gjerne med musikk.</p> <p>Fokus på normal kvardagskost.</p> <p>Vasking av hender før og etter måltid, dotrening, vasking ved stell.</p>
3 – 6 år	<p>Barnets vidareutviklar kroppskontrollen, grov og finmotorikken, rytmen og den motoriske kjenselevna.</p> <p>Gje barnet erfaringar som gjer at dei utvikla glede ved å bruke kroppen til utfordring og utforsking i naturen</p> <p>Fokus på hygiene og bordskikk, jfr. Smittevernveileidar frå FHI</p> <p>Fokus på sunne matvarer</p>	<p>Dans og songar med rørsler</p> <p>Ulike regel og rørsleleikar</p> <p>Praktisera god hygiene og bordskikk, jfr. Smittevernveileidar frå FHI</p> <p>Motivere til «sjølvstendetrening», samt gje oppleving av mestring ved kontroll og oversikt på egne ting.</p> <p>Klippe, teikne, male og andre finmotoriske aktivitetar. Øve på pinsettgrep</p> <p>Fysisk aktivitet inne og ute</p> <p>Korte turar og lange turar i skog og mark til ulike årstider</p> <p>Ute minimum 2 timar pr. dag uansett vær</p> <p>Tilby normal kvardagskost i barnehagen og på tur</p> <p>Frukt og/eller grønnsaker kvar dag</p> <p>Kunnskap om/kjennskap til korleis kroppen fungerer</p> <p>Samle inn teikningar til barnet si mappe (Issa Bissa)</p> <p>I forhold til lunsj – val og tilbereding av målltida, smørje maten sjølv</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Kunst, kultur og kreativitet**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- samtale med barna om deira egne og andre sine kunstnariske og kulturelle uttrykk
- gi rom for, støtte og styrkje barnas bearbeiding av møte med kunst og kultur
- vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur
- vere lyttande og merksame på dei ulike kulturelle uttrykka til barna, vise respekt for ytringsformene deira og fremje lysta til å gå vidare med å utforske dei estetiske områda
- motivere barna til å uttrykkje seg gjennom musikk, dans, drama og anna skapande verksemd og la dei få utvikle varierte uttrykksformer
- synleggjere og skape estetiske dimensjonar i inne-og uteromma i barnehagen
- gi barna høve til å bli kjende med eit mangfald av tradisjonar og kunst-og kulturuttrykk frå fortid og samtid
- bidra til at kulturelt mangfald blir til glede for heile barnegruppa

Kunst, kultur og kreativitet	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Formingsaktivitetar der borna får prøva forskjellige metodar og utfordra sin kreativitet.</p> <p>Barna skal bli kjent med forskjellige fargar og metodar å laga barnekunst på.</p>	<p>Måla bileter på ulike måtar; bruka hender, føter og penslar i forskjellige størrelsar.</p> <p>Teikning på ark, tavler og asfalt.</p> <p>Ulike formingsaktiviter til ulike høgtider.</p> <p>Songstund, og bruk av trommer og andre rytmeinstrument</p>
3 – 6 år	<p>Barnet får kjennskap til fleire eventyr og forteljingar og dei møter ulike musikk sjangrar. Dei møter ulike former for dramatisering og kunstformidling. Dei meistrar meir i høve formingsaktivitetar. Barnet byrjar sjølv å uttrykke barnekulturen.</p> <p>Gje barna erfaring med verkemiddel, teknikk og form for å kunne uttrykke seg estetisk.</p> <p>Utvikla eiga evne til å bearbeide og kommunisere inntrykk og sjølv gje varierte uttrykk gjennom skapande aktivitetar</p> <p>Dei skal få kjennskap til lokal og nasjonal kulturarv.</p>	<p>Dei større barna leiker regelleikar som smittar over på yngre barn</p> <p>Tema/ prosjekt arbeid med ulike aktiviteter knytta til dei estetiske faga</p> <p>For å fremja kreativiteten hos borna skal dei vaksne legg til rette for aktivitetar med ulike materiale, kjennskap/erfaring/eigenskapar</p> <p>Setja opp ei forestilling, tildeling av roller (eigenskapar, stemmebruk), musikk, kostymer, rekvisita, kulissar, mikrofonbruk,</p> <p>Stå på ein scene (fokus på seg/bli trygg)</p> <p>Forteljingar og historiar</p> <p>Eventyrkassar</p> <p>Ha eit estetisk fint og innbydande miljø</p> <p>Sommarfest med framsyning</p> <p>Kulturbarnehage med fokus på arv, tradisjonar, leik og gode opplevingar.</p> <p>Drama: rolleleik, utkledding, dramatisering, teater og dukketeater</p> <p>Forming: utvikle skaparglede, ulike materiell og nye metodar</p> <p>Musikk: song og dans, lytta/bruka variert musikk, spela ulike instrument, musikkleikar</p> <p>Teikne frå fortellinger og opplevingar (Issa Bissa)</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Natur, miljø og teknologi**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for lek, undring, utforsking og læring
- gi barna tid og høve til å stille spørsmål, reflektere og lage egne forklaringar på problemstillingar og til å delta i samtalar om det dei har erfart og opplevd
- synleggjere naturfenomen og reflektere saman med barna om samanhengar i naturen
- utforske og eksperimentere med teknologi og naturfenomen saman med barna

Natur, miljø og teknikk	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barna skal bli kjent med forskjellige dyr.</p> <p>Oppleva og bli kjent med dei ulike årstidene.</p> <p>Oppleva glede av å ferdas i naturen.</p>	<p>Er ute på tur i skog og mark kvar veke.</p> <p>Oppdagelsesferd i naturen, kikkar på blader, pinnar, stein osv. Bli kjent med ulike formar og forskjellige storleikar. Observera og bli kjent med ulike dyr, insekt og vekstar.</p> <p>Leikar ute kvar einaste dag uansett ver.</p>
3 – 6 år	<p>Tid og rom for lek og utforsking.</p> <p>Oppleva glede ved å ferdast i naturen gjennom alle årstider og all slags vær.</p> <p>Kjennskap til naturen sitt mangfald og det som lever og veks der. Barna skal utvikle respekt for naturen og ta vare på den.</p> <p>Gode opplevingar som gjev barna fellesskap og tilhørighet.</p> <p>Barna skal få erfaringar med natur, miljø og teknikk.</p> <p>Miljøvern.</p>	<p>«Gode hjelpar» med værmeldar</p> <p>Turområde som me held i orden. Me ryddar alltid opp etter oss på tur. Tar med boss og liknande heim</p> <p>Ha ulike materiell til forskning og konstruering tilgjengelig på avdelinga.</p> <p>Faste tur dagar til ulike områder i all slags vær. Skog, sjø, leikeplassar, akebakken</p> <p>Jobba med fysikk, kjemi og naturprosjekt</p> <p>Kjennskap til dei ulike årstidene, kva som kjenneteiknar desse og markere dei ulike årstidene</p> <p>Bli kjent med dyr og insekter i nærmiljøet. Kunne namnet på dei mest kjente dyr, fuglar, insekter, trær og blomar.</p> <p>Ta vare på/læra om miljøet, barna plukkar søppel ute i barnehagen. Opplegget: «Tur med retur».</p> <p>Aktivitetar, samling, måltid i bålhuset</p> <p>Planta og så om våren, lage «kjøkkenhage»</p> <p>Læra om blomar, planter og dyr</p> <p>Uteleikeplass i skogen med gapahuk og bålpanne</p> <p>Vera «miljøagentar» som tar vare på naturen, plukkar og kastar boss på rett plass, osv.</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Etikk, religion og filosofi**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- formidle forteljingar og skape rom for barnas opplevingar, samtalar, erfaringar og tankar om religion, livssyn, etikk og eksistensielle tema
- utforske og undre seg over eksistensielle, etiske, religiøse, livssynsmessige og filosofiske spørsmål saman med barna
- bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhøyrsl
- gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen
- samtale med barna om religiøse og kulturelle uttrykk og vere bevisste på korleis deira eiga deltaking kan støtte og utvide tenkinga til barna
- identifisere verdikonfliktar i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha eit bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna

Etikk, religion og filosofi	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barna skal bli kjent med etikk, religion og filosofi.</p> <p>Læra forskjell på rett og galt, og utvikla empati.</p> <p>Vera gode mot kvarandre.</p>	<p>Bli kjent med dei ulike høgtidene, og dramatisere nokre av dei religiøse forteljingane.</p> <p>Finne små augneblink i kvardagen der me undrar oss saman med barna.</p> <p>Synga for maten.</p> <p>Vera ein god lekekamerat.</p> <p>Den vaksne skal vera en trygg base, sitja på golvet og vera tilgjengeleg, ha eit ledig fang om naudsynt.</p> <p>Me har fokus på å skape gode, trygge relasjonar mellom barn og vaksen.</p>
3 – 6 år	<p>Få kjennskap til kristne høgtider og tradisjonar, samt andre religionar og livssyn på barnegruppa.</p> <p>Ha gjensidig respekt og toleranse for andre.</p> <p>Fokus på korleis me er mot kvarandre, korleis vil eg at andre skal vera mot meg.</p> <p>Stimulere til fabulering og filosofering.</p>	<p>Synga for maten, takke for maten, formidle juleevangeliet og påskebodskapen gjennom dramatisering.</p> <p>Formidle andre religionar og tradisjonar gjennom bøker, historiar og musikk.</p> <p>Barnet får fortelje om markering av eigne høgtider?</p> <p>Formidle etiske perspektiv gjennom bøker, drama, historiar og gode samtalar.</p> <p>Øve på å vente på tur.</p> <p>Me skal ta barnas undring og fabulering på alvor. Stille spørsmål for å få barnet til å fabulere meir. Vere ein god rollemodell, skape historiar. Gi barnet tid til å tenke, få tid til å gje eit svar.</p> <p>Vera filosoferande vaksne og gode rollemodellar.</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Nærmiljø og samfunn**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre
- introdusere barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrslø og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt
- gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motverke diskriminering, fordommar, stereotypiar og rasisme
- gi barna forståing for at samfunnet er i endring, og at dei er ein del av ein historisk, notidig og framtidig samanheng
- gjere barna kjende med samisk kultur og levesett og knyte det samiske perspektivet til merkedagar og kvardagsliv, kunst og kultur og mattradisjonar
- gi barna gryande kjennskap til kor viktige menneskerettane er, særleg barnekonvensjonen

Nærmiljø og samfunn	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barna skal møta og bli kjent med nærområdet.</p> <p>Bli kjent med turområder.</p>	<p>Me går turar og ser på dyr, gravemaskinar (industriområder) og det som er rundt oss.</p> <p>Me deler barna inn i mindre grupper, og lagar trygge og gode omgjevnadar for barna.</p>
3 – 6 år	<p>Barna skal få god kjennskap til kven dei er, eigen familie, kven bur eg med, osv.</p> <p>Barnet skal oppleve at dei har påverknad i felleskapet i barnehagen.</p> <p>Barna skal verta kjent i nærmiljøet rundt barnehagen.</p> <p>Barna skal oppleve at det vert tatt like stort omsyn til gutar og jenter i barnehagen.</p> <p>Får kjennskap til krigen og frigjeringa</p> <p>Får kjennskap til demokratiske prosessar</p> <p>Barna skal oppleve at jenter og gutar er likestilte</p> <p>Bli kjent med samisk kultur</p>	<p>Jobbe med prosjekt; meg sjølv i familien min.</p> <p>Meg sjølv i barnehagen.</p> <p>Gå turar i nærmiljøet.</p> <p>Ta buss, besøke småbedrifter.</p> <p>Ha fokus på kva som finnest i vårt nærrområde.</p> <p>Det fysiske miljøet skal vera tilrettelagd for leik for begge kjønn.</p> <p>Bordaktivitetar/formingsaktivitetar kan og vera tilrettelagd for interesseområde til begge kjønn.</p> <p>Gode hjelpar, som er med å hjelper den vaksne å legg til rette for måltider m.m. for resten av gruppa.</p> <p>17. mai markering</p> <p>Markere «Samefolkets dag» 6. februar</p>

Gjennom arbeidet med fagområdet «**Mengd, rom og form**» står det i rammeplanen at personalet skal:

- bruke matematiske omgrep reflektert og aktivt i kvardagen
- bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk
- gjere barna meir nysgjerrige og styrkje matematikkgeda og interessa for matematiske samanhengar med utgangspunkt i uttrykksformene til barna
- leggje til rette for matematiske erfaringar gjennom å bidra med matematiske idear og utdjupande samtalar i lek og kvardag
- stimulere og støtte barnas evne til problemløysing og hjelpe dei til å vere uthaldande

Mengd, rom og form	Mål:	Kva gjer me:
0 – 3 år	<p>Barna får byrjande interesse for teljing.</p> <p>Barna får byrjande begrepsforståing.</p>	<p>Me tel ilag med barna, tel ulike gjenstandar, kor mange barn det er på gruppa.</p> <p>Me byggjer med Duplo, magnetar og pusler pusslespel</p> <p>Eventyr, eksempelvis «Geitekillingen som kunne telle til ti»</p> <p>Me brukar begrep som stor, liten, bak, foran og liknande</p> <p>Me set ord på former som for eksempel runding og firkant, og fargar</p>
3 – 6 år	<p>Barna skal møte rom, tall og form på ulike måter.</p> <p>Barna får gryande forståing av mengde/antal</p> <p>Barna får kjennskap til ulike system, t.d. vekedagar og årstider</p>	<p>Pusle, spele enkle spel, sortere, telje</p> <p>Bygge hytter, rulle ned bakker, klatre, krype under-over-inni osv.</p> <p>«Den gode hjelpar» har ulike oppgåver, t.d. dekke bord,</p> <p>Song og songleikar, regler</p> <p>Legge til rette for lek som gir erfaring med ulike typar mål, måleiningar og målreiskapar</p> <p>Konstruksjonsleik</p> <p>Bruke duplo, lego og magnetane</p> <p>Mattekassen</p> <p>Bruke matematiske begrep</p> <p>Dato, vekedag, månad, år</p>